



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 10.09.2014  
Vår ref.: 2014/7870  
Arkivnr.: 470

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale til ny forskrift om tilskot for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg

Vi viser til høyringsbrev og høyringsnotat datert 09.07.2014. Vår uttale vil i hovudsak følgje same tematiske rekkefølge som i høyringsnotatet frå Landbruks- og matdepartementet (LMD).

### Oppsummering

Satsinga på biogass er viktig for å innfri landbrukets sin del i å redusere Noregs utslepp av klimagassar. Fylkesmannen i husdyrfylket Rogaland er difor positiv til at det no kjem eit tilskot for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg.

Det intensive husdyrhaldet innanfor korte avstandar i delar av fylket gir Rogaland eit overskot av husdyrgjødsel som kan nyttas til biogassproduksjon. Eit tilskotet kan motivera til å levere husdyrgjødsel til eit biogassanlegg i staden for å investera i ny gjødselkum viss tilskotet samstundes overstiger kostnadane med transport av husdyrgjødsel til og ev. frå biogassanlegga.

Det er i sum mye husdyrgjødsel hjå private og i mindre føretak som fell utanom målgruppa i den føreslåtte forskrifta. Kjelda til husdyrgjødsel til biogassanlegg bør ikkje avgrensas til å gjelde gardsbruk som innfrir krava for søking på produksjonstilskot aleine.

Satsane for tilskot bør heller styrast gjennom rundskriv framfor å låsa dei i ei forskrift.

Det er viktig at revideringa av forskrift av om gjødselvarer mv. av organisk opphav blir intensivert og fullført slik at forskriftene utfyller kvarandre på ein klar og utvitydig måte.

### Vår uttale

#### § 2.

Forskriftas virkeområde avgrensas naturleg nok til alle typar husdyrgjødsel som leverast inn til biogassanlegg lokalisert i Noreg. Ved til dømes situasjonar der biogassanlegg ikkje kan nytte sitt potensial for biogassproduksjon fullt ut, er det opning for at anlegget til dømes kan ta imot

husdyrgjødsel frå naboland? Viss så ikkje er tilfellet bør ordlyden i forskrifta endras til: «Forskriften gjelder for alle typer innenlands produsert husdyrgjødsel som behandles i biogassanlegg lokalisert i Norge.»

For gardsbruk med for lite spreieareal er leveranse til biogassanlegg ei god løysing for å nytte overskotsgjødsla til biogassproduksjon viss dei ikkje har plikta til å ta bioresten i retur. Sjølv om handteringa av bioresten er føreslått å vere i tråd med forskrift av 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav (husdyrgjødselsforskrifta) står det ikkje spesifisert om leverandører av husdyrgjødsel til biogassanlegg òg må vere mottakarar av bioresten og om det eventuelt medfører ei kostnad med å «kjøpe» tilbake bioresten. Vi meiner at det her trengs klare reglar for godkjenning, handtering og bruk av biorest anten det er direkte som gjødslingsmiddel eller det er foredling på eit eller anna vis..

### § 3.

I Rogaland er det mange mindre føretak med husdyr som ikkje oppfyller vilkåra for søking på produksjonstilskot. Det er andre typar føretak som til dømes ridesenter eller private som har større husdyr som nyttas til hobby eller fritidsaktivitetar. Husdyrgjødsel frå private eller andre føretak kan samla sett, vere ei betydeleg kjelde til mykje husdyrgjødsel. Det bør vere ei opning i forskrifta for at desse kan levere husdyrgjødsel til biogassproduksjon.

Rett handtering av bioresten som gjødslingsmiddel er viktig med omsyn til å innfri mål om etter vassforskrifta. For å sikre rett bruk av bioresten som direkte gjødslingsmiddel i landbruket foreslår vi at det leggast inn vilkår i § 3 at:

- biorest som skal brukast som gjødslingsmiddel må gjennom ei godkjenningsordning på som byggjer på samansetnaden av det opphavlege biogass-substratet. Dette for å sikre at bruken av bioresten ikkje kjem i konflikt med til dømes Debio-regelverket for økologisk produksjon og reglar for gjødslingsmiddel av organisk opphav til matproduksjon.
- mottakarar/bønder som skal bruke bioresten som gjødslingsmiddel må bruke bioresten etter føringane i forskrift av 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav.

### § 4.

Satsane bør framfor å låsa dei i ei forskrift, styrast gjennom rundskriv. Dette gir i motsetnad til å foreta ei forskriftsendring, meir fleksibilitet til å justere tilskotsatsar om behovet ein gong skulle vere til stades.

Vi har av omsyn til kontroll og tilsyn av den føreslåtte tilskotsordninga, forståing for at føretak med eige biogassanlegg må nytte all husdyrgjødsel si her. Vi meiner likevel at det er meir gunstig og riktig om føretak med eige biogassanlegg sjølv kan vela korleis dei vil fordele bruken av husdyrgjødsel til ulike føremål. Gjødslingsplan og kvittering for leveranse/mottak av husdyrgjødsel er ein del av eksisterande dokumentasjonskrav etter gjeldande forskrifter (forskrift om produksjonstilskot, forskrift om gjødslingsplan og forskrift om miljøplan).

Den nye forskrifta bør ikkje vere til hinder for at firma som foredlar husdyrgjødsel (frå fjørfe) til salsvare kan halde fram med sitt arbeid. Desse firmaa har med støtte frå det offentlege, gjennom fleire år fått ein brei og god kundekrins i og utanom Rogaland.

Transportavstand og moglegheiter for transport av husdyrgjødsel med minst mulig vatn til biogassanlegg er avgjerande for motivasjonen til å levere husdyrgjødsel til biogassanlegg. Tilskotet bør i det minste dekke transportkostnadane av husdyrgjødsel til biogassanlegga. Viss det jamt over, er billigare å bruke husdyrgjødsel direkte på eng og anna godkjend spreieareal vil dei fleste bønder halde fram med denne praksisen. Dette gjeld spesielt for dei som allereie har investert i gjødsellager, system og utstyr for miljøvennlig spreieing av husdyrgjødsel. Dei føreslåtte tilskotsatsane er etter vår vurdering ikkje tilstrekkelig til at det blir ei brei oppslutnad om tilskotet.

## § 6.

Søknadene bør sendas Fylkesmannen som bør kvalitetssikre opplysningane i søknadane og koma med ei uttale før innsending til Landbruksdirektoratet. Dette kan gje ein meir effektiv sakshandsaming samstundes som Fylkesmannen òg kan få innsikt i oppslutninga kring tilskotet.

For at dei ulike forskrifter kan kunne utfylle kvarandre på ei klar og utvitydig måte ser Fylkesmannen i Rogaland det som sær s viktig at revideringa av forskrift av om gjødselvarer mv. av organisk opphav blir intensivert og fullført. Mange gardbrukarar som i dag har behov for å investere i større gjødsellager er avventande til å investere til dei vet kva krav dei må innfri til gjødsellager framover. Denne usikkerheita kan gje ei opning for at husdyrgjødsel inntil vidare, kan leverast til biogassanlegg dersom totalkostnadane og arbeidet i samband med å gå for den føreslåtte tilskotsordninga ikkje blir vesentleg større enn det dei dei allereie har i dag.

Med helsing

Geir Skadberg  
ass. landbruksdirektør

Nono Dimby  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Nono Dimby  
Saksbehandlar telefon: 51568978  
E-post: fmroara@fylkesmannen.no